



MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Peder Magnus Magnussen	Arkivsak nr:	2017/1720
Delegert sak nr:	14/17	Arkiv: Vedtaksdato:	Brenslene 08.08.2017

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Saka gjeld: SØKNAD OM BYGGING AV LANDBRUKSVEG

VEDTAK: Landbrukskontoret i Ørsta gir på vegne av Volda kommune skogeigar Finn Håskjold løyve til å forbetre deler av dagens traktorveg etter forskrifta om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

Orientering om rett til å klage på enkeltvedtak:

Vedtaket kan påklagast til Ørsta kommune ved landbrukskontoret. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Utskrift:

Finn Håskjold

Kleiva 14

6105

Kopi til:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2520 6404 MOLDE

Saksdokument:

U	08.08.2017	08.08.2017	Svar fra kommunen	Finn Håskjold
U	08.08.2017	08.08.2017	Søknad om bygging av landbruksveg	FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
I	21.08.2017	21.08.2017	Kart	landbruk@orsta.kommune.no
I	21.08.2017	21.08.2017	Medeigarar Skogsvegen	FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
I	21.08.2017	21.08.2017	Tilskot til vegbygging	FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
I	21.08.2017	21.08.2017	Kostnader	FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Saksopplysningar:

Grunneigar hadde våren 2017 ei tømmerdrift med taubane på ca. 1200 m³. Tømmeret vart vinsja opp og kjørt ut med lassbærar på ein traktorveg, vegklasse 8. Det vart deretter lunna langs skogsbilvegen til Sollidalen. Grunna liten plass vart det behov for å forbetre deler av traktorvegen til vegklasse 7 slik at ein fikk større velteplass og nytte vegen med tømmerbil. Forbetringa gjeld ein strekning på ca. 30 meter. Søknaden om bygging av landbruksveg vart sendt til kommunen etter at drifta var ferdig.

Vurdering og konklusjon:

I kapitel 2. Søknad om nybygging og ombygging av landbruksvegar står det i forskriften at Nybygging og ombygging av landbruksveier, etablering av massetak, samt tiltak som omfattes av § 1-3 andre ledd, kan ikke iverksettes uten skriftlig tillatelse fra kommunen. Søknaden til skogeigar er sendt etter at tiltaket er satt i gong og gjennomført, noko som er svært uheldig da kommunen er pålagt å innhente nødvendige løyvingar etter kapittel 3. (Saksbehandling, vedtak og vilkår mv). Da størrelsen på inngrepet er såpass beskjedent og forbetringa allereie gjennomført vil kommunen likevel gi løyve. Deler av traktorvegen har skader etter kjøring med lassbærar, det forutsettes at skogeigar reparer disse skadene. Skogbruksansvarleg vil i framtida krevje at søknader om bygging av landbruksvegar kjem inn i god tid før aktuelle tiltak settast i gong dersom ein ynsker å få løyve av kommunen. Denne saka var eit unntak.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen

fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.